



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for oktober 2011.

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713

Årgang 47



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
President: IL, 6060 Hareid.  
Visepres: Magnar Hatløy  
Sekretær: Anders Riise  
Kasserar: Arne G. Aschehoug  
Past pres: Johs. J. Hareide  
Styremedlem: Vigdis Riise  
Styremedlem: Karin S. Holstad  
Ansv.red.: Jarle Kristiansen  
Referent: Aage Nytun  
Øystein Alme

## Fødselsdagar i oktober:

Sigbjørn Haddal 3. okt

## Oktobervers

Her hvirvles i de gustne Blade  
isønderrevet spredt afsted  
det hele skjønne Digt, den glade  
Skjærsommer fantaserte ned.  
Det akkurat den Svermer gikk  
som mig: han fik, han fik -- Kritik.

*Welhaven*

### **3.oktober**

Møtestad denne kvelden var sjøbuda til Arne Lillebø der vi møttest til reke-/ krabbefest.

Oppstarten til ei triveleg matykt var bordverset ”Gud signe måten på vårt bord”.

Magnar H. avslutta møtet med å takke Fest-/ Kameratskapskomiteen v/ Runar H. for ei god matykt.

### **10.oktober**

Møtet denne kvelden starta med songen ”Vi vandrer med freidig mot” av Henrik Ibsen.

Magnar Hatløy ønskte vel møtt samstundes som han fortalte at Leif Arne Grimstad skulle halde foredrag til oss denne kvelden der temaet var ”Blåne til blåne”, Det Norske Vandrelaug 20 år.

Leif Arne G. starta med å fortelje at han vart 60 år i sommar.

Det er 20 år sidan ”Det Norske Vandrelaug” vart stifta, der Leif Arne er formann

Laaget er ikkje ”registrert” i Brønnøysund.

Foredraget denne kvelden bygde på boka hans som vert lansert i november månad dette året, der temaet spenner om turoppleveingar og dikt.

Turen til Galdhøpiggen i 1991 vart først omtala med tale og bilde. Neste tur var Møre og Romsdal på langs. Seinare fleire innanlandsturar som, Geiranger og ut Storfjorden og Oslo-Hareid.

Vidare fleire vandreturar utanlands, mellom anna tur over Island, Pyreneene til Santiago (Spania), vandreturar i Frankrike, tur til Italia med vandring i fjella (flott tur). Dette siste året vandring langs Middelhavet.

Leif Arne Grimstad har delt desse opplevingane med fleire andre, som:

Hans Gisle Holstad, Jon Gjerde, Magne Bergseth, Per Pilskog og ikkje minst kona Anne Gry Eilertsen

Leif Arne runda av foredraget med ymse morosame historier og til slutt diktet ”Ungkarsliv”.

Magnar Hatløy avslutta møtet med å takka for dagen og Leif Arne G. for foredraget.

### **17.oktober**

Møtet denne kvelden vart som vanleg starta med ein song, ”Mellom bakkar og berg” av Ivar Åsen

Magnar Hatløy ønskte vel møtt og informerte samstundes om at Karl-Johan Bakken skulle halde foredrag til oss denne kvelden. Informerte og om at Egil Utgård har ”sponsa” oss med nytt ”head”-sett, formannen takkar.

Johs. Hareide fekk ordet for å informere om framdrifta til Gunnar Hjørungnes på gjenrøysing av kvernhuset. Arbeidet vert godt utført, med god framdrift og etter gamal byggemåte.

Sein framdrift på Rotarystien grunna våtver.

Grusinga vil ta til når vi får frostnetter.

Karl-Johan Bakken, Farstad Shipping ASA fekk så ordet.

Farstad Shipping ASA har 57 fartøy i drift, 8 under bygging og om lag 2000 ansette.

Den børsnoterte verdien på selskapet er 5.5 milliardar norske kroner, med stabile aksjeeigera.

Selskapet er organisert i.h.t. dei geografiske områda dei er sentralisert i (Ålesund, UK, Australia, Singapore og Brasil).

Selskapet legg ned eit stort arbeid i HSEQ (Health-Safety-Environment-Quality) for å sikre arbeidsplassane.

Fartøya til selskapet består av PSV (Platform Supply Vessel), AHTS (Anchor Handling Tug Supply) og SUBSEA (Subsea Construction and Support Vessel).

SUBSEA er eit område med vekstpotensiale.

Karl-Johan Bakken presenterte bilder av eksisterande båtar med mykje lokalt utstyr frå vårt ”chcluster” (som design, propellar, vinsjar, kraner m.m) samt nye båtar under bygging.

Opplæring av mannskap ved hjelp av simulatorar spelar ei nøkelrolle i selskapet.

Simulatorar til bruk for opplæring i selskapet finn ein i Ålesund og Australia (denne kan mellom anna nyttast til simulering av ein stor ankerhanteringsjobb der heile mannskapet kan trenre/ sjå kvarandre samstundes).

Magnar Hatløy avslutta møtet med å takka for dagen og Karl-Johan Bakken for foredraget.

## **24.oktober**

Møtet denne kvelden starta med songen "Vi vandrer med freidig mot" av Henrik Ibsen.

Magnar Hatløy ønskete vel møtt og informerte samstundes om at Bjørn Harald Harkjerr skulle halde foredrag til oss denne kvelden med tema "På tur til Kilimanjaro"

Liste med påmelding til Røyrafesten vart sendt rundt.

Jørn Gjerde og Håkon står for fiskeriet. Dei treng hjelp til sløytinga.

Planlegginga av denne kveldsykta må gjerast neste måndag.

Bjørn Harald Harkjerr fekk så ordet og starta med å fortelje at denne turen til Kilimanjaro var 60 års presangen hans.

Reisefylgjet bestod av 6 personar herifrå.

Turen vart arrangert av EcoExpeditions, Stavanger.

Avreise torsdag 03.09.2010 frå Vigra til Gardemoen.

Vidare tidleg neste morgen ein 8 timars flytur med KLM til Schipol, Amsterdam, og vidare til Kilimanjaro internasjonale flyplass.

Etter visum- og bagasjekø var det klart for overnatting på hotell i byen Moshi.

Fyrste dagen vart nytta til sightseeing i byen samt info frå guiden om kvelden.

Neste morgen frakta ein "skramlete" Landrover reisefylgjet til Londorossi Park Gate der ein "skriv seg inn", vidare ein køyretur til Lemosho Glades der fotturen til Kilimanjaro startar.

Vandrar så gjennom skogslandskap til Mti Mkubwa saman med 19 hjelpera (frakt av bagasje, mattelt, toalettelt m.m) der ein overnatar.

Neste dag forlot ein skogen og vandrar gjennom busklandskap, lyngområde og opne områder før ein kjem fram til Shira II.

Påfylgjande dag med vandring i det same tørre landskapet fram til leirplassen, Barranco Hut.

Karranga Valley var neste leirplass før toppen, der var det kald og surt.

Siste leirplass før toppen er Barafu Hut i 4600m høgde. Reisefylgjet var spente og sleit med sovnen her då dei visste at dei skulle ta laust vidare mot toppen midt på natta.

Nødvendig med fleire lag med kler, ikkje grunna kulden, men det låge tempoet ein held. Tung tur mot toppen (5895 m.o.h.), med eit stopp på kun 10 min då dei var oppe til bildetaking m.m. før ein startar på returnen til Mweka Hut.

Neste dag vidare nedover Kilimanjaro med retur til hotellet, opprydding, middag og felles samling om kvelden.

Heimreise neste dag med eit tilfreds reisefylgje.

Magnar Hatløy avslutta møtet med å takka for dagen og Bjørn Harald H. for foredraget.

## **31.oktober**

Møtet denne kvelden starta med songen "Min barneheim under grøne lia" av Anders Vassbotn.

Vigdis R. (presidenten var forseinka) ønskete vel møtt til dette siste møtet denne månaden. som tradisjonen tru er programfritt og sett av til god prat med kaffi og vafler til.

Magnar Hatløy avslutta møtet og yngste oss vel heim.